



# Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

Juli og august 2023



## **Vi gratulerer Erling Sagneskar så mykje med Valle kommune sin kulturpris 2023!**

Erling har, sidan han flytta til Valle i 1989, sterkt bidrege til å byggje eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Dette har han gjort gjennom sin innsats som trenar, sitt mangeårige engasjement som leiar og styremedlem i Valle IL, og som pådrivar for ulike satsingar.

Med eigne ressursar og i si fritid har Erling tatt trenarutdanning på høgste nivå i skiforbundet, og diplomtrenarutdanning ved Olympiatoppen. Med sitt engasjement og sin kompetanse har han skapt ein arena for meistring, trivsel, utvikling og samhald, og gitt barn og unge føresetnader til å

få ut sitt potensiale. Som trenar har han både jobba i breidda, mellom anna ved å vere ein av pådrivarane for å starte barneidrettsgruppe og samidretten, i tillegg til at han har stått på og jobba for å få fram dei som verkeleg ønskjer å satse på idretten.

Av så mykje Erling har engasjert seg i vil vi nemne at han gjennom fleire år har vore trenar for kretslaget Aust-Agder skikrets, han har vore i langrennsutvalet i skikretsen, løypesjef i Sesilåmi i tre år, teknisk delegert i ulike renn lokalt og i kretsen, har fått Aust-Agder skikrets sin heiderspremie, han var fagleg ansvarleg for bygginga av lysløypa i Brokke, og nominert til Årets ildsjel-pris i austre Agder 2022. Erling jobbar til dagleg som kundefrådgjevar i Valle Sparebank.

Det var ordførar Steinar Kyrvestad som overrekte Kulturprisen, som består av kr. 10 000 og eit kunstdiplom, under det årlege arrangementet Sentrumsfrukosten i Valle laurdag 24.juni.

**Valle kommune ønskjer alle innbyggjarar og gjestar ein riktig god sommar!**  
Følg oss gjerne på Facebook-sidene Valle kommune og Kultur i Valle. På heimesida vår finn du aktivitetsskalendar for store og små hendingar og arrangement som går føre seg i kommunen og nærområdet. Er du sjølv arrangør oppmodar vi deg til å sende informasjon om arrangementet ditt til [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no)  
Du kan også alltid finne digital utgåve av Bygdenytt på heimesida vår.



# Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

## KOMMUNEN INFORMERER

Det er vedteke tilskot for støtte til varmpumpe og vedomn for private bustader i Valle kommune. Søkjarar må vere folkeregistrera i kommunen. Støtta utgjer inntil 30% for kjøp og montering av varmpumpe og vedomn. Sjå kommunen si heimeside under **tilskot til vedomn og varmpumpe**, for vilkår og informasjon om støtteordninga.

## KULTUR OG FRITID INFORMERER

### Kino endrar vekedag og vekenummer!

Fom. komande skuleår endrar vi framsyningsdag for kino i Valle til måndagar. Det vil vere kino i oddetalsveker, og første kinoframsying denne hausten er måndag 28.august.

### Valle kulturskule

Valle kulturskule ønskjer nye og gamle elevar velkomne til skulestart i veke 34.

Alle vil få melding om at de har fått plass før skulestart.

## HELSE INFORMERER

### Oversikt over tilgjengelege helsesjukepleiarar sommaren 2023

Helsesjukepleiarar kan kontaktast ved behov for hjelp og oppfølging i ferien.

Legekontora har samdrift på Bykle helseshus vekene 26- 32.

Helsestasjon for ungdom (HFU) er stengt i skuleferiea. Ved behov for hjelp kan du kontakte helsesjukepleiar.

Veke 26-29: Margrethe Mosdøl tlf: 901 64 832

Veke 30: Elisabeth Marcussen tlf: 915 87 989

Veke 31: Alle helsesykepleiarar ferie

Frå veke 32. Ingrid Bjønnes tlf: 948 13 245

Frå veke 33: Elisabeth og Margrethe er tilbake

### Informasjon frå helseavdelinga

Frå 26. juni til 11. august 2023 vil legekontora ved Valle og Hovden vere stengde.

Bykle legekantor vil halde ope i denne perioden.

Legekontoret kan kontaktast på vanlege telefonnummer.

## PLEIE OG OMSORG INFORMERER

### Høyrsel

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle bygdeheim onsdag 23.august

Dette er kun for dei som har høyreapparat.

Ring Liv Gunn Viki på tlf. 900 79562 om du treng time.

### Program for Dagsenteret i august

⇒ Onsdag 23 aug- Oppstart Dagsenteret med trubaduren Steinar Sande fra Porsgrunn

⇒ Onsdag 30 aug- Sosialt samvær

Ynskjer gamle og trofaste, samt nye gjester hjarteleg velkomne til Dagsenteret.

Åpningstida er kl.1030-1400

**Frist for innsending til Bygdenytt for september er 25. august**  
Send til [sentralbord@valle.kommune.no](mailto:sentralbord@valle.kommune.no)

Bruktbutikken er  
open torsdag og  
fredag frå kl.16-19  
kvar veke og den  
3.laurdagen i  
månaden, med  
unntak av  
heilagdagar.



Varer kan leverast i opningstida eller anna tid etter avtale. Me tek i mot det aller meste, men ikkje leksikon og bruka klede.

Har du lyst til å jobbe i bruktbuikken?

Ta kontakt med Ingunn på tlf: 99714073 eller på messenger.

Me vil gjerne ha fleire med på laget.

I fjor dela me ut 200 000 kr. til lokale lag og organisasjonar. Me vil så gjerne klare det same i år, men då er me avhengige av at folk leverer varer og kjem innom og handlar.

Bilete av nye varer vert lagt ut på Facebooksida vår kvar veke.

Dersom me har ekstra opningsdagar, vert også dette publisert på FB.

Følg oss gjerne der.

Velkomen innom. Med våre prisar kan du kjøpe noko berre fordi du har lyst 😊

Helsing oss i Valle bruktbuikk

Me held til i det gamle biblioteket i Rysstadtunet, rett nordom Coop



Ellen Svalheim kjem til Setesdalsmuseet  
torsdag 31. august kl. 19:00

No er det rette tida å samle inn frø  
til ei blomstereng.

Ellen har skriva bok og vil forklare  
kvifor det er viktig å etablere  
blomstereng.

Lett servering.

Inngangspris kr. 200, medlemmer  
i folkeakademiet kr. 150,-



Sal av Frøboka



## VALLE IL INFORMERER

Innmelding i Valle IL og tilgong til  
Møykjerommet

Valle IL og Valle kommune samarbeider om å drive treningsroma som ligg i Vallehalli. Dersom du ynskjer å delta på spinning, fellestreningar i Speglesalen eller bruke styrketreningssalen (Møykjeromet) må du vere medlem i Valle IL, og betale møykjeromsavgift. Møykjeromet er åpe kvar dag, 24 timar i døgnet.

Prisar for bruk av Møykjeromet

Vaksne: 1000,- per kalenderår

Studentar/lokale ungdomsskuleelevar: 500,- per kalenderår

Det er ikkje mogleg å melde seg inn for kortare tid.

Aldersgrense er 8. klasse – med samtykke frå føresette, eller i følge med person over 18 år.

16 års aldersgrense uten samtykkeskjema.

Utlån av nøkkelbrikke fører til utestenging.

All trening er på eige ansvar.

Nye medlem kan melde seg inn på følgjande måte:

Meld deg inn i Valle IL på [www.minidrett.no](http://www.minidrett.no) (ta screenshot som bekrefter innmelding).

Betalt møykjeromsavgift kr. 1000 til Valle Idrottslag Vipps #124604 Merk med

«Møykjeromsavgift».

Adgangskort hentar du i Velkomst hjå Valle kommune. Du må vise at du har meldt deg inn i Min Idrett og betalt møykjeromsavgift før du får kortet. Ha gjerne dette klart.

Kortet ditt er gyldig frå du melder deg inn til 20. januar påfølgjande år. Då får du faktura på både medlemsavgift og møykjeromsavgift. Medlemskapet ditt vert fornya dersom du betaler desse innan betalingsfristen.

Samtykkeskjema må signerast av føresette og ungdom på Velkomst når du hentar adgangskortet.

Dersom du ikkje har Vipps, kan du sende mail til [kasserar@valle-il.no](mailto:kasserar@valle-il.no). Så utsteder vi faktura. Vis kopi av betalt faktura i Velkomst, så får du adgangskortet etterpå.





## BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

### Til føresette

Frå **1. juni til 31. august** kan alle som går i 1.-7. trinn delta på **Sommarles.no**. Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med.

**Sommarles** er for alle! På Sommarles.no kan ein registrere både bøker som barna har lese sjølve og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker).

For kvar bok som blir registrert, får deltakarane XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Barna kan både få kule digitale trofé på nettsida og hente fysiske premiar på biblioteket. På Sommarles kan de også få lesetips og løyse oppgåver knytte til Sommarlesforteljinga for året, skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

For å bli med på Sommarles.no går de inn på nettsida som opnar 1. juni, og lagar ein profil til barnet. Om de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg!

Vi håper at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og få gode leseopplevingar heile sommaren! Ta gjerne turen innom biblioteket dykkar for å få vite meir.

God sommar med Sommarles.no!

### OPNINGSTIDER

#### VALLE BIBLIOTEK SÆBYGGJEN I SOMMAR:

**Måndag-fredag 0900-1500**

26. juni-7.juli er biblioteket bemanna av Velkomstsenter (ikkje ordinære bibliotektenester). Elles er det bibliotekpersonale til stades og meirope som vanleg heile sommaren.



# Sommaren 2023

## Veke 26

27.6

kl.16:00 Bykle Kyrkje

13.7

kl. 16:00 Evje Mineralsti

28.6

15:00 Sylvartun

14.7

17:00 Dølen Hotell

16:00 Sølv garden

14:00 Setesdalsmuseet

29.6

16:00 Milano Evje

15:00 Rygnestad museum

18:00 Ose Turistheim

16:00 Brokke Alpenser

30.6

14:00 Setesdalsmuseet

16.7

12:00 Bjoren Bygland

16:00 Stoga, Bygland

14:00 TrollAktiv

## Veke 27

4.7

kl. 16:00 Bykle Kyrkje-

## Veke 29

18.7

kl. 16:00 Bykle Kyrkje

med Vetle Tveiten Hoslemo

19.7

14:00 Nordibø Landhandel

5.7

12:00 Bjoren Bygland

15:00 Sylvartun

16:00 Sølv garden

16:00 Sølv garden

7.7

14:00 Setesdalsmuseet

20.7

12:00 Kristiansand Museum

15:00 Sylvartun

21.7

13:00 Setesdalsmuseet

9.7

13:00 Ose Matmarked

23.7

15:30 The Village, Hovden

15:00 Ose Matmarked

12:00 Bjoren Byglandsfjord

15:00 Odden Camping

17:00 Revsnes Hotell

## Veke 28

11.7

kl. 16:00 Bykle Kyrkje-

## Veke 30

25.7

kl. 16:00 Bykle Kyrkje-

med Vetle Tveiten Hoslemo

12.7

14:30 Bergtun Hotell

16:00 Sølv garden

18:00 Hovdestøylen

Setesdalsmuseet





VEL BEVART, GODT FORTALT






Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS,  
saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.

## Kursplan hausten 2023

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Valle skogeigarlag eller Valle bondelag betalar 40 kr.pr. kurstime medan ikkje-medlem betalar 60 kr.pr. kurstime. For alle kursa gjeld at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2023.

| Kurs:  | Innhald:  | Lærer:                                      | Tidspunkt og stad:  | Pris og påmelding:  |
|--|---|---|---|---|
| <b>Stakkekurs</b><br><b>120 timar</b><br>        | Saume og brodere stakkar til liten eller vaksen | Ann Helen Helle i samarbeid med Inger Homme | Det vert onsdagar i oddetalsveker med oppstart 13.september kl.17-22          | Kr.4800/7200 + materiell<br><br>Maks 6 deltakarar<br><br>Påmelding til Kristin Nomeland innan 25.august |
| <b>Muflekurs</b><br><b>50 timar</b><br>         | Strikke og brodere mufflar til bunad.           | May Lis Flateland                           | Oppstart måndag 4.september Kl.17-22<br><br>(10 måndagar)<br><br>I «Venemold» | Kr.2000/3000 +materiell<br><br>Maks 8 deltakarar<br><br>Påmelding til Marit Werner Berg innan 21.august |
| <b>Krullekurs</b><br><b>40 timar</b><br>         | Lære å saume krullar                            | Randi Myrun                                 | Oppstart i oktober<br><br>På husfliden i Valle                                | Kr.1600/2400 + materiell<br><br>Maks 6 deltakarar<br><br>Påmelding til Kristin Nomeland innan 1.sept.   |
| <b>Typeband og belte</b><br><b>55 timar</b><br> | Veve typeband og belte til setesdalsstakk       | Birgit Haugå Nordibø                        | Oppstart onsdag 20.sept. Kl.17-21<br><br>I «Venemold»                         | Kr.2200/3300 + materiell<br><br>Maks 6 deltakarar<br><br>Påmelding til Kristine Jore innan 1.sept.      |

|  |  |                            |  |   |
|--|--|----------------------------|--|---|
| <p><b>Sokkeband</b></p>                 | <p>Slengje sokkeband til bl.a. dalebukse</p>   | <p>Karin Bøe</p>           | <p>Onsdag<br/>6.sept.<br/>13.sept.<br/>20.sept.<br/>27.sept.</p> <p>frå kl.17-21<br/>i «Venemold»</p>        | <p>Kr.240/360<br/>+ materiell</p> <p>Maks 10 deltakarar</p> <p>Påmelding til Kristin Nomeland innan 1.sept.</p> |
| <p><b>Lasering</b></p> <p>26 timar</p>  | <p>Ta med møblar ev. anna du vil lasere. Læraren tek med alt som trengs av utstyr. Ta med papp/plast til å dekke bord og golv. Pusse,sparkle, grunne. Klargjering for glasur. Lasering, kantar og pynting. Litt teori og pausar.</p> | <p>Ellen Øygarden</p>      | <p>Kurset vert i september. Datoar er førebels ikkje fastsett.</p> <p>Soknehuset på Rysstad</p>              | <p>Kr.1040/1560<br/>+ materiell</p> <p>Maks 7 deltakarar</p> <p>Påmelding til Sissel Åkre innan 30.august.</p>  |
| <p><b>Soppkurs</b></p> <p>6 timar</p>  | <p>Grunnleggjande kunnskap om sopp</p> <p>Ut i skogen å plukke</p>   | <p>Kirsten Bråten-Berg</p> | <p>Oppstart i september (tidspunkt usikkert grunna ver og mengde på sopp)</p> <p>I soknehuset på Rysstad</p> | <p>Kr.240/360</p> <p>7-8 deltakarar</p> <p>Påmelding til Tone Brokke innan 20.august</p>                        |

Tone Brokke, mobil:90683818, e-post: [tonebrokke@hotmail.com](mailto:tonebrokke@hotmail.com)

Sissel Åkre, mobil: 95150399, e-post: [sisselbrodin@gmail.com](mailto:sisselbrodin@gmail.com)

Kristin Nomeland, mobil: 99538807,e-post: [nomelandkristin@gmail.com](mailto:nomelandkristin@gmail.com)

Marit Werner Berg, mobil: 90510718, e-post: [maritwerner@yahoo.no](mailto:maritwerner@yahoo.no)

Kristine Jore, mobil: 48203216, e-post: [kristinejore66@gmail.com](mailto:kristinejore66@gmail.com)

Alle kursa bør ha minimum 5 deltakarar for at dei vert satt i gong.





# Opne turar 2023



|                            |                                  |
|----------------------------|----------------------------------|
| Søndag 4.juni kl. 12.00    | fra Bygland                      |
| Søndag 11.juni kl. 12.00   | fra Bygland                      |
| Søndag 18.juni kl. 12.00   | fra Byglandsfjord                |
| Søndag 25.juni kl. 12.00   | fra Bygland                      |
| Søndag 2.juli kl. 12.00    | fra Byglandsfjord                |
| Onsdag 5.juli kl. 12.00    | fra Bygland                      |
| Lørdag 8.juli kl. 11.00    | Bygland-Ose, ikke retur          |
| Lørdag 8.juli kl. 14.00    | times tur på Ose (matfestivalen) |
| Søndag 9.juli kl. 12.00    | timestur på Ose (matfestivalen)  |
| Søndag 9.juli kl. 13.30    | timestur på Ose (matfestivalen)  |
| Søndag 9.juli kl 15.00     | Ose - Bygland, Ikke retur        |
| Onsdag 12.juli kl. 12.00   | fra Byglandsfjord                |
| Søndag 16.juli kl.12.00    | fra Bygland                      |
| Søndag 23.juli kl. 12.00   | fra Byglandsfjord                |
| Onsdag 26.juli kl. 12.00   | fra Byglandsfjord                |
| Søndag 30.juli kl. 12.00   | fra Byglandsfjord                |
| Onsdag 2.august kl. 12.00  | fra Bygland                      |
| Søndag 6.august kl. 12.00  | fra Bygland                      |
| Søndag 13.august kl.12.00  | fra Bygland                      |
| Søndag 20.august kl. 12.00 | fra Byglandsfjord                |
| Søndag 27.august kl. 12.00 | fra Bygland                      |

Om turane kl.12.00 er utselde vert det om mogeleg sett opp ekstraturar kl.14.00

## BILLETTPRISAR:

Familie: Kr. 750,00

Vaksne: Kr. 300,00

Born: Kr. 175,00

BOOKING OPNE TURAR:  
**Setesdalsmuseet**

  
Del av Aust-Agder museum og arkiv

[www.bjoren.no](http://www.bjoren.no)

Telefon : +47 995 18 203

Epost: [bjoren@aama.no](mailto:bjoren@aama.no)





*Velkommen til  
Setesdalsmuseet på Rysstad  
sommaren 2023*

*I tillegg til faste utstillinger,  
kan du nå sjå:*

*Strikkearven*

*(Annemor Sundbø)*

*Sigurd Helle og*

*Norway Station*

*Beverens reise*

*Oppe: 22.6-13.8 alle dagar kl. 11-17*

*14.8-31.8 alle dagar kl. 10-15*

*Frå 1.9 kvardagar kl. 10-15*





# SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL 4.-6.AUGUST

## FREDAG 4. AUGUST



Foto: Marrek Bekken

14.30 **KURS I MUNNHARPE, HARDINGFELE, til SETESDALSGANGAR OG KVEDING.**

17.00 Hylestad soknehus. Oppmøte kl. 14.00!

Det blir også eigen masterclass i kvending med **Kirsten Bråten Berg**. Påmelding innan 1. august til [kirstenbraatenberg@gmail.com](mailto:kirstenbraatenberg@gmail.com)

Billett: kr 200/150 (student/honnr/medlem) + billettavgift

19.00 **OPNING AV SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL VED FYLKESPOLITIKAR GRO BRÅTEN!**

«DEI STRAUK LANGS VEGANE» KONSERT MED **JIM ROGER PETERSEN MED FAMILIE OG GJESTER.**

Medverkande:

**Nora Christin Pettersen** – song

**Jim Roger Pettersen** – song og gitar

**Lydia Sofie Pettersen** – song

**Leiv Solberg** – gitar

**Sigridd Kjetildsdatter Jøre** – kvending/song

Billett: kr 200/150 (student/honnr/medlem) + billettavgift

## LAURDAG 5. AUGUST



Foto: Sjur Daberg

09.00 «BITÅ»

Sentrumsfrukost med underhaldning!

Coop Prix Hylestad

Gratis

11.00 **LADEKAPPLEIK**

Kappleiksmønstring for barn i Hylestad soknehus.

Gratis

12.00 **KAPPLEIK**

Den tradisjonelle Seiesdalskappleiken går som vanleg av stabelen på laurdagen, i Hylestad soknehus. Her kan ein tevie i spel, dans og vokal. Aleine, i gruppe eller i lag.

Påmelding i døra mellom kl. 11.00 og fram til kl. 15.00!

Billett: kr 200/150 (student/honnr/medlem) + billettavgift

14.00 **DOMMELIDEKONSERT**

Gratis

Dommelidekonsert med **Kirsten Bråten Berg, Leiv Solberg, Valle Ieikarring** og **Endre Stulien Robstad**. I tillegg ved Knut Heddisstoga, på baksida av soknehuset.



Foto: Kristin

20.00 **PREMIUTDELING I MATSALEN**

21.00 **KONSERT MED RESJEMHEIA**

Resjemheia er fjellovergangen mellom folkemusikkbygda Bo og bluesbyen Notbøden, noko som er beskrivande for bandet der hardingfela og bluesmusikken møtast. Bandet baserer seg på originalkomponert musikk samt tradisjonelle slåttar, og har fått stor merksemd for det drivande og dynamiske musikkuttrykket dei skapar seg i mellom.

Medverkande:

**Ottar Kåsa** – hardingfela

**Mattis Kleppen** – bass

**Kenneth Kapstad** – trommer

Billett: kr 200/150 (student/honnr/medlem) + billettavgift

Efter konserten blir det dans i salen med ulike aktorar. Gratis etter konserten.



#### BILLETTPRISAR

Gratis inngang under 18 år.

Gjennomgangsbillett: kr. 800/700 (student/honnar/medlem)

#### PREMIAR

Ingebjørg K. Bos minnepremie!

Kortreist mat for 1., 2. og 3. premie!

«Dommeliden» er deltakarpremie!

#### OVERNATTING

Overnatting kan tingast på Solvgarden Hotell og Feriesenter:  
post@solvgarden.no eller på telefon 37 93 01 30

#### KONTAKT

E-post: [post@setesdalspelemannslag.no](mailto:post@setesdalspelemannslag.no)

[www.facebook.com/setesdalspelemannslag](http://www.facebook.com/setesdalspelemannslag)

Det blir sal av tradisjonell og kortreist mat!

#### SPONSORAR



SØLVGARDEN HOTELL OG FERIESENTER

COOP PRYX HYLESTAD | SETESDAL BILRUTER

KNUT HOVET INSTALLASJONER AS | HASLA

HOVDEN HYTTESERVICE | COOP EXTRA HOVDEN

OTRA KRAFT | VALLE SPAREBANK

## SUNDAG 6. AUGUST



Konsertar, kappleik, kurs og dans

# SETESDAL FOLKEMUSIKK- FESTIVAL

Rysstad og Valle, 4. – 6. august

# 2023

**RESJEMHEIA**  
**ARVE MOEN BERGSET**  
**FAM. PETERSEN**  
**KIRSTEN BRÅTEN BERG**  
**HALLVARD T. BJØRGUM**  
**GUNNAR STUBSEID**  
**DANIEL SANDEN WARG**  
**SIGRID K. JORE**  
**JOHANNE FLOTTORP**  
**ANON EGELAND**  
**LEIV SOLBERG**

#### 14:00 KYRKJEKONSERT I VALLE KYRKJE

Medverkande:

**Jim Roger Pettersen med familie**

**Arve Moen Bergset**

**Ottar Kåsa**

**Jim Roger Pettersen**

**lokale kvedarar og spelemenn**

**Knut Olav Oppstad** er organist

#### 11:30 RUNDTUR MED VETERANBUSSAR I VALLE

Start ved Valle skule.

Historisk rundtur med veteranbuss og bilar, i fotspora til våre fremste folkemusikkarar frå Valle. Ved endestasjonen i Valle sentrum vert det servering av graut i Sæbyggen for kyrkjeconserten.

Oppmøte på parkeringa til Valle skule seinast kl. 11:30. Her vert det også sal av billettar – «førstemann til mølla». Etter konserten kl. 14:00 kan du enten organisere eigen skyss tilbake til Valle skule, eller gå (1,4 km).

*Billett: Konsert i Valle kyrkje: kr. 200/150 (student/honnar/medlem) + billettavgift. Veteranbussstur, mat og konsert: kr. 400 + billettavgift. NB: Gjennomgangsbilletten gjeld ikkje for veteranbussstur og kyrkje-konsert. Påmelding til: [post@setesdalspelemannslag.no](mailto:post@setesdalspelemannslag.no)*








# Evje Mineralsti

Norges Mineralparadis - Norwegens Mineralienparadis  
Norway's mineral paradise - Noorwegens mineralenparadijs

Voksne kr. 125,-  
Barn kr. 100,-  
Familie kr. 300,-  
(Foreldre + barn tom. 16 år)



Setesdalsmuseet



22.6 - 13.8 åpen/open/geöffnet 11:00 - 17:00



## TURAR MED SETESDAL SOGELAG



RUSTFJØDD 29.JULI KL 11.00

Me ønsker velkomen til ein flott fottur til Rustfjødd i Bygland kommune.

### LITT OM RUSTFJØDD:

Rustfjødd er 1055 moh. På toppen er det ein flott stor varde, Rustfjøddvarden. Den var eit viktig trigonometrisk punkt, brukt i kartlegging og oppmåling av Noreg. Varden blei også brukt under astronomisk måling i 1933. No er Rustfjøddvarden freda av Riksantikvaren. (Setesdølen 13.12.23) I år fyller Kartverket 250 år.

### PRAKTISK INFO:

Me møtast ved Storstoga på Ose kl. 11.00. Derifrå køyrer me i så få biler som mogleg opp heivegen, ca 5 km. Kvar bil må betale 100 kr i bompenger. Og det er liten plass til parkering ved plassen Huset der me starter.

Det er ca 6 km opp til toppen. Terrenget er ulent og noko bratt, men ein stad er det satt opp tau til å halde seg i. På toppen vil me beundre den flotte varden og nyte den fantastiske utsikten.

Loser på turen er lokalkjente Gunnar D Ose og Harald Moe.

SVORVAREN 12.AUGUST KL 09.00

### BAKGRUNN FOR TUREN:

For akkurat 100 år sida, 12.august 1923 hadde Valle og Hylestad Ungdomslag tur på Svorvaren. Tarald Harstad tala og Knut Jonson Hedde og Bjørgulv Lund var spelemenn. Dei var då 60-70 valldølar og hylstringar samla på Svorvaren. No vil me prøve å gjentake denne hendinga, 100 år seinare. Kult om me kjem i stakkar og skinnfu.

På Svorvaren, 1377 moh er det fantastisk utsikt i alle retningar. Når det er god sikt kan ein m.a. sjå Gaustadtoppen i aust og Årdalsnåpen i sør. Svorvaren har ein spesiell form som kan minne om ei kjegle som er svarva (dreid). Difor er den også godt synleg frå mange kantar.

Det er nokre gamle sagn om Svorvaren; når ein gut søv på Svorvaren vil han drøyme om jenta han skal gifte seg med. Og dersom du er på Svorvaren påskemorgon vil kunne du sjå sola danse i glede over Jesu oppstode.

### PRAKTISK INFO:

Me møtast ved bommen i Berg i Valle kl 09.00. Så vil vi køyre inn forbi bommen til parkeringsplassen i så få bilar som mogleg, då sparar me nesten 1km oppoverbakke. Så vil me gå i roleg tempo etter turistløypa til Stavskar, opp Stavbrokka og så svinge sørover opp på toppen. Turen er ca 17 km tur/retur i ulent terreng og noko bratt og krevjande, så ein bør vere i nokonlunde god form.

Så vil vi prøve å samlast på Svorvaren kl 14.00. Dersom nokon vil gå i eige tempo, seinare eller fortare, kan dei gå når dei vil og så møte på Svorvaren ca kl 14.00.

Los med oss på turen er kjentmann Hugo Homme.

FELLES FOR BÅE TURANE: Ta med mat og drikke, godt fottøy, passande klede etter været, penger til bommen og godt humør.

Følg gjerne med på Facebook sida vår og annonse i Setesdølen for meir info eller endringar.

Me håper folk vil bli med oss på desse fine, men noko krevjande turane i sommar.

Helsing Setesdal Sogelag





**SÆBYGGJEN, VALLE**

**FREDAG 18.AUGUST KL. 18**

**SLÅTTAR OG MUSIKK FRÅ SETESDAL  
MØTER**

**FOLKESONG FRÅ GEORGIA, KAUKASUS**

**HALLVARD T. BJØRGUM  
OG ENSEMBLE GIORGI**



| PETTER SIMONSEN |

| SVEND WAAGE |

| BEKA SEBISKVERADZE |

INNGANG KR. 250

I SAMARBEID MED VALLE KOMMUNE  
KULTUR OG FRITID

**Sauesjå**   
— Valle i Setesdal — **MARKNADEN**

Hjarteleg velkomne til Sauesjåmarknaden 2023!  
Vi håpar at så mange som mogeleg vil ta turen til oss  
og vere med på å gjere dette til ein vellykka marknad!

**SAUESJÅMARKNADEN I VALLE**

**LAURDAG-SUNDAG 30.SEPT.-1.OKTOBER**

**VIL DU VERE UTSTILLAR, HA EIN AKTIVITET ELLER HA EIT SCENEINNSLAG?  
DET BLIR OGSÅ UNG SCENE!**

Påmeldingsskjema for utstillarar finn du på fb-sida vår : «Sauesjåmarknaden i Valle»

KONTAKT OSS PÅ TLF. 938 83 405 ELLER E-POST TIL [sauesjaavalle@gmail.com](mailto:sauesjaavalle@gmail.com)

SEINAST **20**.SEPTEMBER!

Vi ønskjer både lokale og eksterne utstillarar hjarteleg velkomne!



## KYRKJA I JULI OG AUGUST

### Gudstenester:

9/7: Gudsteneste i Hylestad kl 11.00. Bar-  
nedåp.

30/7: Gudsteneste i Valle kl 17.00 (merk  
tida!) ved Inge Berg-Pettersen

13/8: Friluftsgudsteneste på Rygnestadtun-  
net kl 12.00 felles med Bykle.

Tak med stol!

24/8: Samtalegudsteneste i Valle kyrkje kl  
17.00. Fest i Soknehuset etterpå.

26/8: Konfirmasjonsgudsteneste i Valle  
11.00.

27/8: Konfirmasjonsgudsteneste i Hyle-  
stad kl 11.00.

### Open kyrkje:

Kyrkjene er opne kvar dag mellom 10 og  
20. Annankvar onsdag vil det vere orgelre-  
sitasjon ved Knut Olav Uppstad og ei enkel  
tekstlesing og liturgi lagt inn i dette, klok-  
ka 19. Dette fordelar vi slik:

Onsdag 28/6 kl 19.00 i Valle kyrkje

Onsdag 5/7 kl 19.00 i Hylestad  
kyrkje

Onsdag 12/7 kl 19.00 i Valle kyrkje

Onsdag 19/7 kl 19.00 i Hylestad kyrkje

Onsdag 26/7 kl 19.00 i Valle kyrkje

Som ei prøveordning vil vi bruke Bygde-  
nytt som kyrkjelydsblad med melding om  
døypte, vigde og avlidne siste halvår.

### Døypte:

5/2: Emma Botn Brottveit

6/5: Knut Niklosson Uppstad

27/5 Maiken Rysstad

28/5 Hege Dahle Kjelleberg

11/6 Olivia Homme

### Vigde:

27/5 Birgit Trydal og Erlend Ajer Andersen

### Gravferder:

27/1 Anlaug Lunden

2/3 Torjus B Homme

6/6 Valborg Nomeland

9/6 Inger H Bratteland

Den 16/9 kl 19.00 blir det konsert i Hyle-  
stad kyrkje med søstrene Kringlebotn frå  
Rogaland. Dei er kjent frå m.a. Visjon  
Norge. Set av tida allereie no.

Vi har avtalt vatning på båe kyrkjegarda-  
ne med Foad Almijan og kona hans.

### GOD SOMMAR!

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid  
Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,  
tlf. 977 84 706,

e-post: [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA

# Bygdekinoen

**MANDAG 28. august**



**Kl. 1900 - 12 år.** Mission: Impossible - Dead Reckoning - Del én

**Det syvende kapittelet i Mission: Impossible-serien, med spektakulære scener fra Vestlandet!**

Ethan Hunt (Tom Cruise) og hans IMF-team må jakte på et farlig våpen før det faller i feil hender. Rebecca Ferguson, Ving Rhames, Simon Pegg og Henry Czerny returnerer i action-franchisen, mens Vanessa Kirby, Hayley Atwell, Pom Klementieff og Cary Elwes er nye tilskudd på rollelisten. Filmen er delvis skutt på location i Åndalsnes og Hellesylt.

**Lengde:** 2t. 43 min.

**Førehandskjøp gjerne kinobillett på**

**[www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no) .**

**Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!**

**Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**

## Kva skjer?

[www.valle.kommune.no/http://](http://www.valle.kommune.no/http://)

[www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html](http://www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html)

|                     |   |
|---------------------|---|
| 03.07.<br>Kl. 20    | Bønemøte  |
| 05.07.              | Turer v/Setesdal Sogelag  |
| 06.07.<br>Kl. 17    | Turer v/Setesdal Sogelag  |
| 18.07.<br>Kl. 18    | Konsert: Slåttar og musikk frå Setesdal møter folkesong frå Georgia i Kaukasus. Med Hallvard T. Bjørgum og Ensemble Giorgi, i Sæbyggjen. Inng. kr. 250. |
| 29.07.              | Tur v/Setesdal Sogelag  |
| 04-<br>06.08.       | Setesdal folkemusikkfestival  |
| 22.08.              | Tysdagar i Sæbyggjen (Babysong og Song for alle)  |
| 28.08.<br>Kl. 17/19 |  <b>Bygdekinoen</b>   |
| 29.08.              | Tysdagar i Sæbyggjen (Babysong og Song for alle)  |

## Nm Veka 2023

Nm Veka 2023 er over å Dina Elfrida Wiik 15 år frå Rysstad tok bronse i quadcross i dameklassen på Skaun i helgen. Dette ble også filma direkte av nrk og ligg ute på [nrk.tv](http://nrk.tv) under nmveka 2023 speedcross og quadcross. Det var et heilt nytt anlegg med ein heilt rå bane. Nye startgrinder med rist noko som var veldig uvant for quadførarane. Dina Elfrida Kjørde 7 rundar og låg på 4 plass etter kvalifisering dagen før, men hadde som mål å nå pallen. Det klarte ho da suverent. Dette har ho trena målretta og hardt for gjennom heile vinteren på møykjerommet og på crossbaner saman med stefar Bjørn Ivar Rødland som forøvrig tok ein flott 8. plass i klassen Open. Som vanlegvis køyrer Open B, men den klassen er ikkje i NM så her var konkurransen enda hardare. Det var først i fjor at Damene fekk NM status på quadløp, så dette er stort og måla er jo sjølvsgd å nå toppen. Men det er mykje hard jobbing, skruing og reising, men vi har trua på dette, og gyver på. Takker for alle saman som følger med på oss og støtter oss og alle sponsar. Det hadde ikkje vært mogleg utan hjelp da dette er en dyr å krevjande sport. Men heldigvis har vi eit fantastisk flott anlegg på Hækni på åraksøyne som vi trener mykje på. Oppfordrar de som er nysgjerrige på motocross, enduro og quadross til å ta turen ned til hylestad snøscooter klubb og sjå. Det er nokon utleie sykklar der også pw 50 for dei aller minste og pw 80 for dei litt større (ca 5-8 år), stort sett opent nå på tysdag gjennom Merete Austad som er nyutdanna sikkerheits og aktivitetsleder gjennom Nmf. Vi reiser såpass mye at vi held ikkje opent fast. Men det er moglegheit å køyre når vi også er der.

